

Så flott det er blitt i Helgheim!!

25.06.2013



Helgheim har fått eit smakfullt og topp moderne kjøkken.

Den siste tida har det føregått ei større oppgradering av ungdomshuset Helgheim i sentrum. I denne omgang er det kjøkken og toalettanlegg som er fornya. I går kveld vart siste hand på verket lagt då ein god dugnadsgjeng stod for utvasking.

- Det er blitt knallflott. Heilt nytt hus, ja, så koseleg, fortel Katrine Y. Røssland(17 år i morgon) som var ei av dugnasgjengen. Ho har sendt oss flotte bilder som stadfester dette.

Dei seinare åra har det føregått mykje godt vedlikehaldsarbeid. Vi nemner skifte av tak, utvendig måling, skifte av vindauga, sliping og lakking av golv i salen, måling av matsalen nede og fornying av elanlegg.

No er det altså gjort ein stor jobb som har resultert i heilt nytt kjøkken og toalettannlegg. Lyst og fint, smakfullt og moderne, og av høg kvalitet.

Dette hevar standarden på huset, og det er grunn til å tru at fleire vil leiga huset til ulike arrangement. Etter å ha sett bilda ser eg fram til mitt første besøk i huset. Vi understrekar det flotte resultatet ved å la biletserien frå Katrine tala for seg:



Kjøkken: Stil og fargesamansetjing, eit flott og moderne valg



Kjøkken: Godt utstyrt og vert nok ein fryd å bruke.



Trappegangen frå matsalen og opp til toaletta er fornya. Lyst og fint!



Toaletta framstår i flott standard.



Moderne design. Vask og belysning understrekar det gode resultatet.



[Vi avsluttar denne bilderunden på det lyse og fine herretoalettet.](#)

Tekst: Thor Inge Døssland  
Alle foto: Katrine Y. Røssland